



Oppgjer mellom Uskedalen og Trio under Heio Cup. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Litt post festum vil eg gjerne takka eit spesielt lag for jobben sist sundag, under Heio Cup, seier leiar i fotballgruppa Ivar Gundersen til uskedalen.no

- Det er laget til Bjørn Egil Haugland eg siktar til. Dei rundt rekna 10 på laget gjorde ein utroleg god innsats som medhjelparar under turneringa. Dei hadde alle slags oppgåver, seier Ivar.

Men han legg til at det også var mange andre som gjorde sitt til at årets Heio Cup vart så vellukka.